

# Gonokokk (PCR)

## Analysemetode

artus CT/NG QS-RGQ Kit CE.

Analysen utførast saman med [PCR for Chlamydia trachomatis](#) i same prøvemateriale, sjå lenke. Det kan vere indikasjon for i tillegg å utføre [gonokokk dyrking](#), sjå nedanfor.

## Indikasjon

Klinisk eller anamnestisk mistanke om sjukdom eller smitte

## Prøvetaking

**Menn:** Urinprøve (førsteporsjon). Uretraprøve dersom vannlating er vanskeleg. Evt andre prøvemateriale, sjå nedanfor.

**Kvinner:** Vaginalprøve, cervix. Evt andre prøvemateriale, sjå nedanfor.

**Cervixprøvar:** Før penselen inn i endocervix, heilt til den fremste delen ikkje lenger er synleg. Roter minst 3 gongar og trekk pensel varsamt ut. Rett etter prøvetaking førast penselen opp i transportmediet. Knekk av ved indikert knekkpunkt på penselen. Set på korken, og merk prøva.

**Vaginalprøvar:** Penselen i prøvetakingspakken førast 3-4 cm inn i skjeden og roterast minst 3 gonger. Elles som omtala for cervixprøvar. Dette kan evt. utførast av pasienten sjølv på følgjande måte:

- Stå med eine foten på en stol/klosettlokket.
- Stikk penselen 3-4 cm inn i skjeden og roter penselen minst 3 gonger.
- Set penselen opp i prøveglaset.

**Urinprøvar:** 20 - 30 ml av første urinporasjon i en prøvebeholdar - IKKJE midtstråleprøve. 2 ml overførast deretter til eNAT prøvetakingsrør. Set på kort og merk prøva.

**Uretraprøvar:** Unngå urinering 1 time før prøvetaking. Nytt utstyr med tynn penselen til denne prøvetakinga. Før penselen 2-4 cm inn i uretra hos menn (kortare hos kvinner). Roter i 3-5 sekund.

**Andre prøvemateriale:** Det kan vere aktuelt med prøvetaking frå hals og anus. Metoden er ikkje validert for desse prøvane, men fungerer venteleg greitt.

## Prøvetakingsutstyr



**eNAT 1 ml prøvetakingsutstyr** (1 ml UTM kit kan også nyttast for sekret).

**Oppbevaring før transport:**

Kjøleskap.

**Haldbarheit**

4 veker i eNAT transportmedium.

**Forventa analysetid**

Neisseria gonorrhoeae PCR vert utført to gonger i veka.

**Feilkjelder**

- Urinprøvar med feil prøveglas kan gi falskt negative resultat.
- Bruk av utgått transportmedium vil kunne redusere sensitiviteten og evt gi falskt negativt resultat.

**Kommentar**

Ved positiv gonokokk PCR eller på førehand sterk klinisk mistanke om gonore er det ønskeleg å [dyrke bakterien](#) i tillegg, for om mogleg å utføre resistensbestemming. Prøve til dyrking vil difor då etterspørjast. Obs. det er ulike transportmedium til PCR og dyrking.

**Utførast av**

Molekylærbiologisk fagområde

**Fagområde**

Bakteriologi

**Rekvisisjonsskjema**

Skjema HF 1084 Skjema HF 1088

**Medisinsk fagleg ansvarleg**

Reidar Hjetland

**Sist oppdatert**

16.09.18 Reidar Hjetland